



S I A As
Revheimsvegen 84
5282 LONEVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/3126 - 23/21654

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
29.09.2023

135/15 Runhovda - Oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging og endra konstruksjonar - mellombels bruksløyve

Administrativt vedtak. Saknr: 283/23

Tiltakshavar: Jonas Hauge
Ansvarleg søkjar: S I A As
Tiltak: Oppføring av tilbygg, fasadeendringar, ombygging, endring av berande konstruksjonar
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av tiltak på gnr. 135 bnr. 15 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: oppføring av tilbygg, fasadeendring, ombygging og endra konstruksjonar i einebustad.**
- 2. Mellombels bruksløyve gjeld ikkje oppføring av skorstein, carport og terrasse i nordvest.**
- 3. Frist for innsending av søknad om ferdigattest er 17.08.2024."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.12.2022 saknr. 359/22.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Oppføring av carport.
2. Oppføring av terrasse i nordvest.

3. Installasjon av eldstad og skorstein.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: oppføring av tilbygg til einebustad, fasadeendringar, ombygging og endra konstruksjonar i einebustad på gnr. 135 bnr. 15.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for søknad om ferdigattest til: 17.08.2024.

Det vert elles synt til søknad motteken 20.09.2023.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Gnr. 135 bnr. 15.
Bygningstiltak:	Oppføring av tilbygg, fasadeendringar, ombygging, endring av berande konstruksjonar
Bygningsnummer:	175868860

Mellombels bruksløyve

Dersom fristen for ferdigstilling vert overskriden, oppstår det eit ulovleg tilhøve og kommunen skal gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Pålegget kan følgjast opp med tvangsmulkt eller førelegg for dei ansvarlege.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3126.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
10.2.10	Søknad om mellombels bruksløyve	4.500,-
	Totalt gebyr å betala	4.500,-

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					4.500,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jonas Hauge
S I A As

Maurhaugen 2
Revheimsvegen 84

5281
5282

VALESTRANDSFOSSEN
LONEVÅG